



Til aksjonærene i Fastlandssamband Halsnøy AS  
Inter Revisjon AS  
Statens vegvesen Region vest  
Riksrevisjonen

HAN/as

Saknr. 200805472 Dok.nr. 1

29 MAI 2008

Arkivnr. 814.714 Saksh. HEGG

Eksp.

L off.

(X-200805472)

Bremnes, 28. mai 2008

## INNKALLING TIL ORDINÆR GENERALFORSAMLING

Det kalles med dette inn til ordinær generalforsamling i Fastlandssamband Halsnøy AS

**fredag 20. juni kl. 13.00 på hotell Rica Maritim, Haugesund.**

**Det er reservert lunsj for deltagerne i generalforsamlingen fra kl. 12.00 i hotellets restaurant.**

### Sakliste

1. Valg av møteleder
2. Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Godkjenning av selskapets årsmelding for 2007
5. Godkjenning av selskapets årsregnskap for 2007
6. Valg av styremedlemmer
7. Godtgjørelse til styret og revisor


Vedlagt følger styrets forslag til årsmelding og revidert regnskap for 2007 og styrets forslag til godtgjørelser for styret og revisor for 2007. Revisors erklæring vil bli lagt frem på generalforsamlingen.

Vi vedlegger også selskapets vedtekter slik de sist ble vedtatt av generalforsamlingen 13.6.2006. Som det fremgår har styret og varamedlemmene en funksjonstid på 4 år, og forrige valg ble gjennomført i 2004. Det er dermed valg på hele styret og alle varamedlemmene på årets generalforsamling. Styrets nåværende sammensetning fremgår av årsmeldingen.

Vedlagt følger brev fra Hordaland fylkeskommune om utpeking av representanter fra fylket til styret i Fastlandssamband Halsnøy AS.

Vedlagt følger fullmaktskjema for de aksjonærene som måtte ønske å benytte dette. Fylkesordfører/ordfører må gi fullmakt i tilfelle hun ikke møter personlig.

Med vennlig hilsen  
for FASTLANDSSAMBAND HALSNØY AS

  
Helge André Njåstad  
Styreleder

Kopi: Styret og varamedlemmene

## STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2007

Fastlandssamband Halsnøy AS sin forretningsidé er, etter at Stortinget i 2003 godkjende prosjektet Halsnøysambandet, å ta opp og betala ned nødvendige lån til prosjektet og sørgja for innkrevjing av bompengar i samsvar med godkjend ordning.

Selskapet sin aksjekapital er på kr 190 000 fordelt på 190 aksjar, der pålydande er kr 1000. Selskapet sine aksjonærar går fram av notane til rekneskapen. Alle aksjar har like rettar.

Ordinær generalforsamling vart halden 11. juni 2007 i Rosendal. Statens vegvesen og Riksrevisjonen fekk tilsendt alle generalforsamlingspapira og blei inviterte til å delta på generalforsamlinga.

Selskapet hadde pr. 31.12.2007 følgjande styre:

Styreleiar	Helge André Njåstad	varamedlem Arne Havnerås
Nestleiar	Bjarne Berge	varamedlem Torfinn Myklebust
Styremedlem	Magne Rommetveit	varamedlem Magnhild Furdal
Styremedlem	Grethe Lunde	varamedlem Stein Inge Ryssdal
Styremedlem	Torill Vebenstad	varamedlem Bente Bondhus

Årsoppgjeret er lagt fram under føresetnad om vidare drift av selskapet. Det er etter styret si oppfatning ingen forhold som tilseier noko anna. Fastlandssamband Halsnøy AS har ut frå sine føresetnader og rammevilkår ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Selskapet har ingen tilsette.

Styret i selskapet har tre mannlege og to kvinnelege medlemmer. Styret i selskapet er bevisst på dei samfunnsmessige krava om tiltak for å fremja likestilling i selskapet.

Selskapet si verksemd medfører verken forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljøet. Det er Statens vegvesen som er byggherre for Halsnøysambandet.

### **Om drifta**

Det har vore fire styremøte i 2007; 12. mars, 21. mai, 13. september og 12. oktober.

### Dagleg drift

Selskapet har i 2007 ut august hatt ein månadsbasert avtale med Via Futura AS v/Astri Solnes om å ta hand om den daglege drifta og utføra

Styret si årsmelding 2007

Side 2 av 6

spesielle og løpende oppgaver som er knytt til selskapet i høve til bompengeavtalen.

Etter gjennomført anbudsrunde, vart det pr. 1.9.2007 inngått avtale om forretningsførsel m.v. med Via Futura AS for perioden 1.9.2007 til 31.12.2008, med opsjon for forlenging med inntil 2 år og 8 månader.

## **Prosjektet**

Veidekke ASA er av Statens vegvesen vald som hovudentreprenør for anlegget. Arbeidet med Halsnøysambandet starta våren 2005, med skogrydding 2. mai og ferdig anleggsrigg på Halsnøy 31. mai. Den første salven i tunnelen vart avfyrt 12. august 2005 på Sunde-sida, og gjennomslag i tunnelen fann stad 24. august 2006.

## **Status på anlegget pr. 11.1.2008 frå Statens vegvesen:**

### Framdrift

Alle byggjearbeida, med unntak av elektroinstallasjonar og utstyr for innkrevjing av bompengar, var i hovudsak ferdig i desember 2007. Det gjenstår då skiltmontering, maling av tekniske bygg, vask av tunnel og reingjering av dreneringssystem og vegmerking. Dette arbeidet skal vera ferdig i løpet av veke 5. Planting og såing av vegskråningar må utsetjast til våren 2008.

Elektroinstallasjonar og montering av tryggleiksutstyr i tunnelen føregår for fullt. Dette arbeidet skulle vert ferdig 7. desember, men fordi det vart nødvendig med betydeleg meir vatn- og frostsikring enn planlagd, samt at konstruksjonen måtte forsterkast, vart oppstarten for elektroentreprisen forseinka. Den skal no vera ferdig i løpet av veke 6.

Det er sett av 4 veker til testing og godkjenning av tryggleiksutstyret i tunnelen. Det skal gjennomførast øving med ambulansetenesta og brann- og politimyndigheiter. Kommunikasjonen mot vegtrafikksentralen i Bergen vert og testa. Godkjenninga skjer i Vegdirektoratet.

Innkrevjingsutstyret, som vert levert av Tecsidel (eit spansk selskap) vert installert frå veke 3.

Vegopning er i samråd med selskapet sett til laurdag 8. mars. Ein har starta planlegginga av arrangementet. Statens vegvesen tek ansvar for den formelle delen, snorklyppinga og påfølgjande lunsj. I tillegg vil kommunen og næringslivet organisera arrangement på Sæbøvik og Husnes.

Styret si årsmelding 2007

Side 3 av 6

### Økonomi

Eit revidert kostnadsoverslag pr. januar 2008 viser at prognosen for sluttkostnaden er 427 mill. i 2008-kr. Av dette skal selskapet ifølgje bompengavtalen dekkje 67 %, noko som tilsvare 286,09 mill. kr.

Opphavleg kostnadsoverslag på 343 mill. i 2003-kr. vert 418,9 mill. kr. i 2008-kr. Kostnadsoverskridingane er på ca. 8 mill. kr. Prisstigningsindeksane for 2006-2007 og 2007-2008 er enno prognosar, og kan verta endra.

### Overføringar til Statens vegvesen

Selskapet har i 2007 overført 71,6 mill. kr. til Statens vegvesen i samsvar med mottekne rekvisisjonar, i alt er det frå 2003 overført 207,33 mill. kroner, tilsvarende 224 mill. 2008-kr.

For 2008 er det varsla rekvisisjonar på i alt 62,085 mill. kroner fordelt med 40 mill. kr. i første kvartal, 20 mill. kr. i andre kvartal og 2,085 mill. kr. i fjerde kvartal.

### **Kontakten med Statens vegvesen**

I 2007 har det vore eit kontaktmøte 12.3.2007 mellom Statens vegvesen og selskapet. Det er motteke 3 skriftlege statusrapportar.

Det har vore eit oppstartsmøte med Vegdirektoratet og driftsoperatør 12.10.2007.

Det har i tillegg vore fleire møte mellom Statens vegvesen, Kvinnherad kommune og selskapet med førebuingar til opninga 8. mars. Samarbeidet om opninga har vore godt.

### **Førehandsbompengar**

Sidan 1. mars 2004 er det kravt inn førehandsbompengar på ferjestrekningane Skjersholmane–Ranavik, Ranavik–Sunde og Sunde–Skjersholmane. Førehandsbompengane blir kravde inn av Tide Sjø AS som del av ferjebiljetten, og Tide tek imot avtalt godtgjering for dette arbeidet.

Selskapet mottek den 20. kvar måned oppgjer for førehandsbompengar frå føregåande måned, saman med detaljert trafikkstatistikk.

I 2007 blei det kravt inn kr 3 480 522,45 i førehandsbompengar. Ei samanlikning med 2006 viser ein auke på 12,46 % i bompengainntektene.

Styret si årsmelding 2007

Side 4 av 6

## **Trafikkutvikling**

Ferjestatistikkane viser ein betalande dagleg gjennomsnittstrafikk i 2007, i dei tre ferjestrekningane, på 634 kjøretøy. Tilsvarende tal for 2006 var 592 kjøretøy, det vil seia at det har vore ei trafikkauke i ferjesambandet frå 2006 til 2007 på 6,2 %.

## **Låneavtale**

Selskapet har ein garanti frå Hordaland fylkeskommune på inntil 220 mill. kroner (2003).

Styret inngjekk 3. juni 2005 ein avtale med Nordea Bank Norge ASA om lån av inntil 200 mill. kroner med fastrente 4,27 % for ti år.

## **Finansiering frå Kvinnherad kommune**

I samsvar med st.prp. nr. 84 skal Kvinnherad kommune vera med på finansieringa av Halsnøysambandet med 10 % av prosjektkostnaden. Kvinnherad kommune har tidlegare tilført selskapet midlar som selskapet den gongen plasserte i obligasjonar. Desse vart realiserte i 2004 og 2005 og godskrivne selskapet med til saman kr 21 910 473,58.

Kvinnherad kommune overførte vidare kr 13 489 526,42 til selskapet i januar 2006.

Når endelig prosjektkostnad er kjent, vil bidraget frå Kvinnherad verta indeksregulert i samsvar med Statens vegvesens prisindeksar som grunnlag for endelig oppgjer.

## **Viktige saker i 2007**

### Driftsoperatør

Styret vedtok at bompengeselskapet sjølv ikkje skal drive innkrevjinga, men setje dette arbeidet ut på anbod. Drifta av Halsnøysambandet inngjekk etter dette i ein anbodsrunde frå Vegdirektoratet som omfatta fleire selskap, etter at selskapet hadde fått informasjon om og gjennomgang av spesifikasjon, kontraktar og anleggsbeskriving.

Etter avslutta anbodsrunde, inngjekk selskapet avtale med Vegamot AS som driftsoperatør for Halsnøysambandet. Avtalen er inngått for 4 år, for det første året med einingsprisar, og fastpris for 2. og 3. år, med opsjon for det 4. året. Fastprisen vil vera basert på og evt. justert for erfaringsmengder frå det første året.

Styret si årsmelding 2007

Side 5 av 6

## Brikkeutsteder

Styret vedtok at selskapet ville vere eigen brikkeutsteder. Alternativet ville vere at trafikantane har brikkeavtalar i andre selskap, og må inngå lokal avtale med Halsnøysambandet, i tillegg til den avtalen dei har med det andre bompengeselskapet.

## Betalingsstadar

I konsesjonsvilkåra for automatisk bomstasjon vert det kravd at det skal vera mogleg for trafikantane å betale passeringane sine kontant, i staden for å vente på faktura. Styret ønskte at det vart oppretta 3 lokale servicepunkt, på 2 bensinstasjonar og på ferja. I ettertid vart det likevel ikkje aktuelt å inngå avtale med ferja, slik at det ved opning var avtale med ein bensinstasjon på Halsnøy og ein bensinstasjon på Sunde.

## Takstsøknad

Selskapet sin takstsøknad vart utforma i tråd med gjeldande takstretningslinjer for ferjeavløysingsprosjekt, med to takstklassar, lett bil inntil 3500 kg og tung bil frå 3501 kg, og rabatt på 40 % ved førehandsbetaling av 40 passeringar.

Takstsøknaden vart godkjend av Statens vegvesen 19.11.2007 og annonsert i lokale aviser i løpet av desember.

## Informasjon

Det har vore eit nært samarbeid mellom selskapet og Statens vegvesen i utforming av dei store informasjonsskilta om Halsnøysambandet.

Det har og vert eit samarbeid om informasjonsbrosjyren om bompengerevninga som vart distribuert til Kvinnherad, Stord og Fitjar i forkant av opninga, kor det og inngjekk standard avtaleskjema og vilkår.

## Vegkantutstyr

Tecsidel (Spania) er vald som leverandør av vegkantutstyret. Det er Statens vegvesen som kjøper inn og eig dette utstyret.

## Service og vedlikehald

Det er Statens vegvesen som inngår avtale om service og vedlikehald av utstyret, medan selskapet betaler for dette. 1. linjes vedlikehald kan utførast ved å stengje ein retning medan vedlikehald føregår. All trafikk vil då verta manuelt dirigert gjennom eit felt, og registrering og betaling vil skje i begge retningar i same felt.

## Konsesjonar

Statens vegvesen har på vegne av bompengeselskapet søkt om, og fått, konsesjon hos Teletilsynet og frå Datatilsynet for automatisk innkrevjing.

Styret si årsmelding 2007

Side 6 av 6

## Opning

Selskapet har deltatt aktivt i fleire møte med Statens vegvesen og Kvinnherad kommune om opninga og arrangement tilknytt denne, gjesteliste, utforming av invitasjon og program m.m.

## **Økonomi**

Selskapet har i løpet av 2007 trekt opp til saman 74 mill. kroner hos Nordea Bank Norge AS, samla låneopptak hos banken er 172 mill. kroner.

Selskapet har i 2007 hatt inntekter av førehandsbompengar med kr 3 480 522 og renteinntekter med kr 33 988.

Selskapet sine utgifter består av rentekostnader på lån med kr 5 214 797, innkrevjingskostnader på kr 139 221, administrasjonskostnader på kr 512 625, andre driftsutgifter med kr 162 289 og andre finanskostnader med kr 5 232.

Det er i 2007 utbetalt styrehonorar inkl. møtegodtgjersle for 2006 med kr 51 000. Honorar for styreleiar er kr 12 000 + kr 1 000 pr. møte i møtegodtgjersle.

Bremnes, 14. mai 2008

(sign.)  
Helge André Njåstad  
styreleiar

(sign.)  
Bjarne Berge  
nestleiar

(sign.)  
Magne Rommetveit  
styremedlem

(sign.)  
Grethe Lunde  
styremedlem

(sign.)  
Torill Veбенstad  
styremedlem